



# FJELL KOMMUNE

Ågotnes skule TLF 55097800  
Hamramyra 10 5363 ÅGOTNES  
E-post: [agotnes.adm@fjell.kommune.no](mailto:agotnes.adm@fjell.kommune.no)

[www.agotnesskule.no](http://www.agotnesskule.no)



Til alle foreldra i 1. klasse 2019-2020:

*Berre for foreldre som ønskjer BOKMÅL!*

## VAL AV MÅLFØRM I 1. KLASSE 2019 – 2020

Fyll ut skjemaet og lever det på Ågotnes skule innan fredag 29. mars eller ta det med på orienteringsmøtet på skulen onsdag 27. mars!

Ågotnes skulekrins har **nynorsk** som opplæringsmål, og elevane ved Ågotnes skule vil automatisk få opplæring og lærebøker på nynorsk om anna ikkje er avtalt.

I Opplæringslova § 2-5 om Målformer i grunnskolen, 1. og 4. ledd, står det følgjande:

”Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skulane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.

Når minst 10 elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst 6 elevar igjen i denne gruppa.”

Vi bed foreldre som ønskjer **BOKMÅL** som hovudmål for barnet sitt, å melde frå til skulen innan fredag 29. mars eller levere skjemaet på orienteringsmøtet onsdag 27. mars 2019.

Ågotnes, 20.03.2019

Venleg helsing  
for Ågotnes skule

Eigil Nødtvedt  
*rektor*

**Klipp xxx**

For føresette som ønskjer bokmål:

**FYLL UT OG SEND TIL SKULEN INNAN FREDAG 29. MARS ELLER LEVÉR SKJEMAET PÅ ORIENTERINGSMØTET ONSDAG 27. MARS 2019**

### ÅGOTNES SKULE VAL AV BOKMÅL I 1. KLASSE 2019-2020

Vi ønskjer at eleven vår, \_\_\_\_\_ (elevnamn),

- skal ha **BOKMÅL** som skriftleg opplæringsmål frå skulestart i 1. klasse 2019-2020.

Underskrift av foreldre/føresette: \_\_\_\_\_